



Radøy kommune

Radøyvegen 1690

5936 Manger

## SØKNAD OM STØNAD TIL LEIAROPPLÆRING

Radøy Idrettslag søker med dette om stønad til leiaropplæring for 2017.

Det gjeld Hordaland Gymnastikk- og Turnkrets sitt kurs: Trener 1 – Gymnastikk og Turn.

Tanja Thomassen og Irmelin Lavik har gjennomført dette kurset. Dei trenar turnarane våre, og kurset har stor verdi for laget sitt tilbod av turnaktivitetar for born og unge turnarar. No er det slik at alle som skal ha hovudtrenaransvar i sal må ha dette kurset eller tilsvarande.

Radøy Idrettslag ser det difor som turvande å få utdanna personar som kan ta dette ansvaret.

Kostnader:

- |                     |                     |
|---------------------|---------------------|
| • Kursavgift        | kr. 6.000,-         |
| • Reiser og opphald | <u>« 12.600,-</u>   |
| Totalt              | <u>kr. 18.600,-</u> |

Kursprogrammet ligg ved, og her går det fram kva kurset inneheld.

Radøy Idrettslag har stor aktivitet innan turn, og laget har stor trong for frivillige som tek utdanning og som vil vera leiarar og trenarar. Verdien av slike kurs er avgjerande for å kunna gje eit tilfredsstillande tilbod til våre unge medlemmer.

**Radøy Idrettslag søker med dette om så stort tilskot som mogleg til dette kurset.**

Kurset er gjennomført og dokumentasjon på utgifter vil bli oversendt så snart me har dei.

5939 Sletta 27.september 2017

Vyrdsamt

Olav Steinar Namtvedt(s)

Leiar RIL